



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

## Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Bokn kommune 11. og 18. april 2018

Tidsrom for tilsynet:	2018
Kommunen si adresse:	Bokn kommune, Boknatunvegen 37, 4130 Bokn
Kontaktperson i kommunen:	rådmann Jan Erik Nygaard
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	revisjonsleiar Reidar Johnsen og revisor Maren Skåden
Dato for rapport:	<b>26. juni 2018</b>

### Samandrag

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Bokn kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen avdekkja 2 avvik i tilsynet med Bokn kommune.

### Avvik 1

Kommunen oppfyller ikkje alle krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### Avvik 2

Bokn kommune sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelsesloven og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

## **Innhald**

Samandrag .....	1
1. Bakgrunn for tilsynet .....	3
2. Rammer for tilsynet .....	3
3. Hovudinntrykk .....	3
4. Resultat frå tilsynet .....	4
5. Grunnlagsdokument .....	5
6. Deltakarar i tilsynet .....	7

## **1. Bakgrunn for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Bokn kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- øvingar og opplæring for tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evalueringar av hendingar og øvingar

## **2. Rammer for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsle blei sendt 16. januar 2018, og relevant dokumentasjon vart granska før tilsynet. Den 11. april var det opningsmøte og intervju med relevante personar i kommunen. Sluttmøtet var 18. april 2018.

Denne rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekkja under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre betring i oppfølginga av føresegne i beredskapsplikta.

Me gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir difor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

## **3. Hovudinntrykk**

Bokn kommune er ein liten kommune, men har dei same pliktane og forventningane til oppfølging av kommunal beredskapsplikt som større kommunar. Det utfordrar kommunen å sette av nok ressursar til dette arbeidet for å sikre tilstrekkeleg kontinuitet. Fylkesmannen vil rá kommunen å ha ein beredskapskoordinator som har ansvar for å følgje dette opp.

Kommunen har ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse frå 2016 som har lagd eit godt grunnlag for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Analysen er blant dei beste som er laga av kommunar i Rogaland. Dette gjeld både ekstern involvering, struktur og konkretisering av korleis ulike hendingar vil ha innverknad på kommunen. Einaste minuset er IKT hendingar. Her har kommunen betre kunnskap som mellom anna går fram av økonomiplanen for dei siste to åra. Fylkesmannen vil rá kommunen å revidere dette kapittelet i analysen.

For å kunne dokumentere eit systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap må kommunen ha ein raud tråd i arbeidet frå heilskapleg ROS til mål, strategiar og prioriteringar i styrande dokument som kommuneplanens samfunnsdel, økonomiplan/tiltaksplan, årsmeldingar og planar etter plan- og bygningsloven. I dag er dette ikkje godt nok, og dette er det viktigaste for kommunen å gripe fatt i.

Elles vil Fylkesmannen trekka fram at Bokn kommune øver jamleg og oftare enn forskrifta krevjar. Kommunen deltar også i felles beredskapsråd på ytre Haugalandet, og samarbeider om

beredskapsoppgåver med nabokommunane. Kommunane har mellom anna gjennomført felles kriseøvingar. Fylkesmannen ser at både Bokn og dei andre kommunane nyt godt av at dei har fått til eit slikt samarbeid og vi vil understreka den verdi det har å vere med og bidra inn i dette rådet.

## 4. Resultat frå tilsynet

Fylkesmannen avdekkja 2 avvik i tilsynet med Bokn kommune.

### Avvik 1

Kommunen oppfyller ikkje alle krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, jamfør sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 3 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

Kommunen kan ikkje dokumentera at dei har eit system for styring og oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i kommunen.

- Samfunnsdelen til kommuneplanen heng ikkje i hop med ROS-analysen frå 2016. Ifølgje planstrategien blir det heller ikkje gjennomført hovudrevisjon av kommuneplanen i inneverande valperiode (2016-2019) og samfunnsdelen er ikkje planlagd revidert.
- Kommunen har ikkje eit godt nok system for å sikra at tiltaka i den heilskaplege ROS-analysen blir følgd opp og revidert etter kvart som ulike tiltak blir gjort.
- Me saknar at beredskapsplanen inneheld, eller har referansar til, alle relevante dokument. I dag er ikkje alle deler av evakuéringsplanen med. Det er utarbeida ein handlingsplan for EPS-senter og eit omfattande dokument med kontaktliste, skildring av rollar, skilting m.m. som er utarbeida i samband med øvinga i 2016. Det er ikkje referert til desse dokumenta i beredskapsplanen og det som står om evakuering og EPS-senter i sjølve beredskapsplanen er ikkje tilfredsstillande aleine.
- Fleire stadar i beredskapsplanen er det formuleringar om oppgåver som skal bli gjort på eit seinare tidspunkt. Til eksempel «*kommunen må [...] ha en plan for å sende skriftlig informasjon hjem med skolelever/barnehagebarn og via hjemmebesøkstjenesten. Det bør gjøres avtale med Røde Kors*». Det er og satt krav til at det skal bli utarbeida tiltakskort innan ein gitt frist. Ein beredskapsplan er ein operativ plan som skal kunne brukast i ein krisesituasjon. Då må det som står vere på plass og det må gå klart fram kor ein kan finna det. Formuleringane i planen gjer at det kan oppstå tvil om kva som er på plass. Planen manglar også tilvisingar til det som er gjort, slik som avtale med Raude Kross og Sanitetten.
- Kommunen har ikkje eit tilfredsstillande system for å følgje opp plan for opplæring. I kommunen sin plan for opplæring er det bestemt at det skal vere ei sjekkliste over personane og oppgåvene desse er tiltenkt under krisehandtering, og kva ekstern eller intern opplæring som er gitt. Sjekklista er utarbeida men den inneheld ikkje datoar og heller ikkje informasjon om tildelt oppgåve. Det er viktig at planen sikrar naudsynt opplæring av nytilstette som har ei rolle ved ein krise.
- Evaluering av øvinga i 2016 og 2017 påviste behov for oppdatering av beredskapsplanen, utan at dette ser ut til å ha blitt følgd opp.

### Avvik 2

Bokn kommune sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 4 og 9.

- Kommunen sin plan for kriselening, det vil seie rollar og ansvar, må vere tydelegare definert. Organiseringa av kriseleninga i kommunen er endra dei siste åra som følgje av organisatoriske endringar. Den delen som går på roller og ansvar generelt og særleg det som står om kven som har ansvar for kva når det gjeld informasjon må bli tydelegare.
- Sjølv om Bokn er ein liten kommune, må kommunen ha meir på plass når det gjeld kven som gjer kva ved ei uønskt hending. Erfaringane frå dei siste øvingane som har vært har vært med på å underbyggja at dette særleg er et behov med tanke på den interne krisekommunikasjonen og loggføring.
- Det som står om EPS-senter i sjølve beredskapsplanen er ikkje godt nok. Planen seier noko om kva oppgåver som må bli gjort, men vi saknar ein skildring av kven som har ansvar for kva og også kven som kan tenkjast å fylle disse rollene. Vidare er det satt frist til 01.10.2016 for å utarbeida tiltakskort for evakuering utan at det går fram om slike kort er utarbeida eller kvar dei eventuelt kan finnast.

## 5. Grunnlagsdokument

Oversikt over dokument som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet i Bokn:

- Heilskapleg ROS-analyse (desember 2015)
- Beredskapsplan for Bokn kommune (desember 2017)
- Sak i kommunestyret 20.9.2016 vedtak revidert beredskapsplan og heilskapeleg ROS
- Kommuneplan vedteken 17.12.2013
- Planstrategi for Bokn kommune 2016-2019
- Utkast til ny helseberedskap
- Beredskapsplan for Psykososialt kriseteam
- Smittevernplan
- Pandemiplan 11.08.09
- Risiko- og sårbarheitsanalyser for den kommunale helsetenesta i Bokn kommune (20.06.13)
- Handlingsplan EPS Bokn Arena (udatert)
- Evakuerings og pårørandesenteret (EPS) Bokn arena - 32 sider (utarbeida aug. 2016 )
- Rapport frå øving Haugalandet 31.10.17
- ROS analyse Bokn vassverk, samt notat datert 06.03.18
- Tiltakskort radioaktiv stråling
- Evaluering øving 19.10.2016
- Evaluering av øvinga av Fylkesmannen 2012.
- Evaluering etter ekstremværet Nina 10.1.2015
- Drift- og investeringsbudsjett 2018, Økonomiplan 2019-2020
- Drift- og investeringsbudsjett 2017, Økonomiplan 2018-2020

## • 6. Deltakarar i tilsynet

I tabellen under er det oversikt over deltakar på opningsmøtet, intervju og sluttmøtet:

Namn	Funksjon /stilling	Oppningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Tormod Våga	ordførar	x	x	x
Jan Erik Nygaard	rådmann	x	x	x
Stein Magnar Askeland-Gjerde	IT-ansvarlig	x	x	x
Kjell Arne Valentinsen	overingeniør teknisk	x	x	x
Jardar Håvikbotn	info-medarbeidar	x		x
Kåre Bua	teknisk sjef	x		x
Ingrid Sofie Rundhaug	kommunalsjef tenester	x	x	x
Gro A. Sørensen	leiar servicetorg	x	x	

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisjonsleiar/fylkesberedskapssjef
- Maren Skåden, revisor/ seniorrådgivar